



**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDÅ

## **Ekstraordinært møte i Studentparlamentet**

nr 7/21-22

Torsdag 07. april 2022

Digitalt møte

Tidsramme kl 16.30-17.30

### **Saksliste**

Sak 73 – 21/22:	Opprop og val av møteleiing .....	2
Sak 74 – 21/22:	Godkjenning av innkalling .....	2
Sak 75 – 21/22:	Godkjenning av sakliste .....	2
Sak 76 - 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 30.03.22.....	3
Sak 77 – 21/22:	Leiingsmodell ved HVO. Valt vs tilsett rektor .....	3

## Sak 73 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

---

### Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### AU sitt forslag til vedtak:

- Trond-Fredrik Hoddevik vert vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vert vald til referent
- Daria Jermacane og Fady Gemayel vert valde til teljekorps

## Sak 74 – 21/22: Godkjenning av innkalling

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

---

#### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 75 – 21/22: Godkjenning av sakliste

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

---

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista blir meldt inn under dette punktet.

#### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande dagsorden for møtet:

Ekstraordinært parlamentsmøte 07.04.22					Saksansvarleg
16.30	73	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar	
	74	Godkjenning av innkalling	V	Ordstyrar	
	75	Godkjenning dagsorden med saksliste	V	Ordstyrar	
	76	Godkjenning av referat frå møte 30.03.22	V	Ordstyrar	
	77	Leiingsmodell ved HVO. Valt vs tilsett rektor	V	Leiar	

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

## Sak 76 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 30.03.22

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Ordstyrar

Vedlegg: Vedlegg 1 – Referat frå møte i Studentparlamentet 30.03.22

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 30.03.22

## Sak 77 – 21/22: Leiingsmodell ved HVO. Valt vs tilsett rektor

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Leiar

Vedlegg: Vedlegg 2 – Notat om leiingsmodell HVO

Vedlegg 3 – Notat frå allmøte HVO om leiingsmodell 04.04.22

Vedlegg 4 – Referat sak 69 21/22

Studentparlamentet skal gjennom saka som er på høyring ta stilling til om vi ynskjer valt eller tilsett rektor ved HVO. Som høyringsinstans, vil Studentparlamentet sitt høyringssvar følgje saka fram til endeleg vedtak som blir gjort av Høgskulestyret i juni. Høyringsfristen er 20. april.

Studentparlamentet har hatt saka oppe til diskusjon på møte 30.03.22. Der presenterte prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim saka, og orienterte om ulike sider ved dei to leiingsmodellane med utgangspunkt i notatet som ei arbeidsgruppe ved HVO har førebudd (vedlegg 1). AU har på bakgrunn av det som kom fram i debatten i Studentparlamentet, samt informasjon på allmøtet 04.04.22 (vedlegg 2), utarbeidd ei innstilling til Studentparlamentet. AU vektlegg demokrati- og medverknadsperspektivet i si innstilling.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda ynskjer at dagens leiingsmodell med valt rektor blir vidareført ved Høgskulen i Volda

## Drøfting i AU

Vesentlege argument for valt rektor:

- Det er eit demokratisk gode at studentar og tilsette kan stemme fram si eiga leiing. Å bli valt av institusjonen gir rektor ein legitimitet, lojalitet og eit mandat forankra blant tilsette og studentar på ein annan og betre måte enn ein tilsett rektor med ein ekstern styreleiar vil ha.
- Argument om at få stiller til val og få nyttar stemma si i valet, kan løysast på andre måtar enn å gå bort ifrå valt rektor. Her kan Høgskulen sjølv ta tak og få opp engasjementet.
- Å gå over til tilsett rektor vil svekkje moglegheita studentane har til å påverke kven som skal styre institusjonen, og flytte makt bort frå institusjonen og over til KD og ein eksternt utnemnt styreleiar. Det vil også gi oss mindre kontroll og medverknad over framtidig struktur.

Vesentlege argument for tilsett rektor:

- Det kan styrke rekrutteringa til rektor-stillinga. HVO kan få fleire kvalifiserte søkerar, og ein rektor rekruttert utanfor institusjonen kan bidra til positiv utvikling.
- Ein tilsett rektor står friare til å gjere endringar internt, i og med at vedkomande er leiar for både fagtilsette og administrasjon, og ikkje er like bunden av høgskulestyret eller valløfter som ein valt rektor kan vere.
- Tilsett rektor har ikkje dobbeltrolle som både rektor og styreleiar, slik valt rektor har.

For AU veg argumenta for valt rektor tyngst. Det grunnleggjande demokratiske i at institusjonen, med sine tilsette og studentar, stemmer fram og vel si eiga leiing, er viktig i eit studentdemokratisk perspektiv. Det gjer at rektor sin lojalitet ligg hos institusjonen, og ikkje hos KD eller andre utanforliggjande organ. Modellen med vald rektor gir oss som institusjon også større kontroll over framtidig struktur.

I eit studentmedverknadsperspektiv, ser også AU at Studentdemokratiet i dag har kort veg til høgskuleleiinga, og er i løpende dialog med rektorat og direktør, både gjennom faste møter og i det daglege, i tillegg til studentrepresentasjon i råd og utval. Ved tilsett rektor og ein ekstern styreleiar, vil vi forhåpentlegvis vere like tett på rektoratet, men truleg ikkje på den eksterne styreleia. Det kan gjere at vi som studentdemokrati kjem lenger unna prosessar og vedtak som skjer i høgskulestyret.

Når det gjeld argument for å gå over til tilsett rektor, meiner AU at det mest relevante er dette med å få til ei betre rekruttering. Som ein mindre, uavhengig høgskule, er det viktig å tiltrekke seg kvalifiserte leiarar. Uansett om vi får valt eller tilsett rektor, blir det viktig framover at HVO gjer ein innsats for å sikre god rekruttering og ha ei bevisst haldning til å byggje opp kandidatar. Dobbeltrolla som ein valt tilsett har, ser ikkje AU som eit stort problem, då det ser ut til å fungere godt å handtere dei to rollene ved institusjonar som har valt rektor i dag.

AU meiner også at i ei vekting for og imot, bør det vere meir som talar for ei endring dersom ein skal gå for det. Det vil vere økonomiske omkostningar ved ei omlegging til tilsett rektor, utan at vi heilt ser ein tydeleg nok gevinst.

## Bakgrunn

Noverande valperiode for styret og vald rektor går ut 1. august 2023. Styret har bede om at spørsmålet om leiingsmodell blir tatt opp til vurdering i god tid før prosessen med val eller tilsetting av neste rektor må ta til. Frist for høyringssvar er 20. april.

Høgskulestyret har sak om stillinga til rektor på eit møte 16. juni. Saka var sist oppe i forkant av førre rektoral. Forskjellen mellom valt og tilsett rektor har signifikante konsekvensar for korleis høgskuleleiinga er organisert, samt kva rolle posisjonen som rektor inneber. I 2018 tok Studentparlamentet ein posisjon på saka, og det er forventa at studentparlamentet trekker ein konklusjon som blir spelt inn til Høgskulestyret denne gongen også.

I saksførebuinga har Høgskulestyret gitt ei arbeidsgruppe i oppdrag å vurdere ulike fordelar og ulemper ved dei to modellane, samt konsekvensar ved ei eventuell omlegging av styringsmodell. Arbeidsgruppa hadde ikkje mandat til å kome med ei innstilling i saka, og let det vere opp til lesaren å gjere seg opp ei meining. Notatet frå arbeidsgruppa ligg ved saka.

I tillegg ligg det ved eit notat frå allmøtet for tilsette 04.04.22, der medlemmane i Studentparlamentet var invitert til å delta. Møtenotatet er skrive av organisasjonskonsulenten og refererer innleiingane og debatten som fann stad, og er meint til intern bruk.